



Øyvind Boge Nilsen  
Sundby-Hvorups vei 87  
5178 LODDEFJORD

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/8018 - 22/23576

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
22.03.2022

## Svar vedk. justering av gebyr i saken oppføring av sti med 7 naust gbnr 60/3 Langenes

### Administrativt vedtak.

**Tiltakshavar:** Øyvind Boge Nilsen  
**Ansvarleg søkjar:** Omc Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Vi stadfestar å ha motteke dykkar klage på gebyr for handsaming av søknad i saka med saksnummer 21/8018 den 07.02.22.

### SAKSUTGREIING

Tiltakshavar har i e-post datert 07.02.2022 klaga på fakturert saksbehandlingsgebyr for rammeløyve til oppføring av sti med 7 naust fordelt på to rekkjer på gbnr. 60/3 i vedtak, datert 04.01.2022. Tiltakshavar har i sin klage anført følgjande:

Tiltakshavar meiner at gebyret ble utrekna feil. Tiltakshavar anført at tiltaket - 7 naust utgjør 1 rekkje og ikkje 2 rekkjer som det ble fakturert for.

### Vurdering

#### Bruk av gebyrregulativ

Når det gjeld tiltakshavar si merknad om at det skal fakturerast for 1 naustrekkje, ikkje for 2 rekkjer, vil administrasjonen svare følgjande:

Det er tydeleg avgrensing i situasjonskartet for kvart naustrekkje, så administrasjonen er ikkje samd i at naust skal oppførast i 1 rekkje i denne saka. Næraste naustrekkje mot sjøen er samansett med rekkje nr.2 berre med ca.20 % av bygningskroppen. 7 naust er registrert i matrikkelen som 7 sjølvstendig bygg med eget bygningspunkt kvart med følgjande bygningsnumrene: 300990311, 300990321, 300990323, 300990324, 300990326, 300990329 og 300990341.



Matrikkeldata (+ Tillegg)

Grunneiendom - 4631 - 60/3/0/0
Bygg (12-0)
Hus for dyr/landbr.lager/silo (241) - TB - 176230274
Våningshus (113) - TB - 176230282
Annen landbruksbygning (249) - TB - 176230290
Hus for dyr/landbr.lager/silo (241) - TB - 176230304
Annen landbruksbygning (249) - TB - 176330538
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990311
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990321
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990323
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990324
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990326
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990329
Naust båthus sjøbu (183) - RA - 300990341

Kommunen har fakturert følgende gebyr i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vert det følgende gebyr i saka:

Søknadspåttige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.4	Felles bygg, naustrekke x 2	2	8.500	17.000
10.2.5	Sti	1	7.900	7.900
10.2.5	Fast tilleggsggebyr BRA over 100 m2	1	5.300	5.300
	<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>30.200</b>

Gebyret er fakturert i samsvar med pkt.10.2.4 i Alver kommune si lokale forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2021. Forskrifta er vedteke av Kommunestyret i Alver kommune og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av saksbehandlingsgebyr innanfor tekniske forvaltningstenester for alle saker som er motteke i 2021.

I gebyrregulativet 2021 står det i pkt. 10.2.4 Basisgebyr- Fellesbygg. Gjeld frittliggjande fellesanlegg i eige bygg med eige bygningspunkt og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg, naust, sjøbu, bod, parkering etc.

Faktura for handsaming av byggesøknad vart sendt til tiltakshavar den 06.01.2022. Klaga vart motteke kommunen den 07.02.2022.

#### Feil

Etter gjennomgang av fakturagrunnlaget finn diverre administrasjonen feil i utrekna gebyr for naustene i rekkje. Administrasjonen finn grunnlag for å endre gebyr etter gebyrregulativ for Alver kommune pkt. 4.10, jf. pkt. 10.2.4 Basisgebyr Felles bygg – naust i felles anlegg, som tiltakshavar viser til.

Gebyret er fastsett på bakgrunn av det gjeldande gebyrregulativet, her gebyrregulativ for Alver kommune 2021. Det er med inkurie tatt gebyr for 2 av naustene i felles anlegg i steden for 7. Vi ber om orsaking for dette og må diverre rette gebyret.

Sidan 7 naust er ført i matrikkelen som separate bygg med eget bygningspunkt og er del av felles anlegg med 7 einingar, må kommune revidere gebyr for kvart enkelt naust etter pkt. 10.2.4 i regulativet - kr. 8.500 per stk. for naust nr. 1-4 og halvparten av dette gebyret for naust nr. 5-7, dvs. krevje samla gebyr på kr. 54.650 for 7 naust med sti. Det skal ikkje takast fast tilleggsgebyr for BRA (bruksareal) på over 100 m2.

Kommunen kan diverre ikkje sjå at grunngjevinga i klagen gjev grunnlag for redusert gebyr, men tvert imot må rette gebyret. Ny revidert faktura vert sendt snarast. Gammal faktura vert kreditert om den er ikkje betalt.

Du får klagerett på det nye gebyret jf. Gebyrregulativet pkt.4.10.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Øyvind Boge Nilsen

Sundby-Hvorups vei 87

5178

LODDEFJORD